



Skjåk kommune
Næring

Landbruks- og matdepartementet
postboks 8007 DEP
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.	Dokument
Mottatt: 20 OKT 2014	
Saksbehandler	Arkiv
Klart	Avert

Vår ref
2014/562/2/V14

Dykkar ref:

Saksbehandler
Erling Dagsgard

Dato
17.10.2014

erling.dagsgard@skjaak.kommune.no

Høring av forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket

Næringskontoret i Skjåk har etter fullmakt frå miljø og næringsutvalet skrive høyringsuttale på foreslegen ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

Punkta vi vil kommentere ligg vedlagt.

Med helsing

Erling Dagsgard
Erling Dagsgard
Saksbehandler



SKJÅK KOMMUNE

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



STATE KOMITTEE



Forskrift om produksjonstilskott og avløysartilskott i landbruket, høyring 2014

Næringskontoret i Skjåk kommune har fått delegert frå miljø og næringsutvalet å gje uttale om forslag til forskrift om produksjonstilskott og avløysartilskott i landbruket av 2014.

1. Avløysartilskott

I forskriftsforslaget er det lagt opp til at avløysar tilskott ikkje lenger kan betalast ut til avløysarlaga. Dette vil gjere at avløysarlaga ikkje lenger kan ta risikoen på å forskottere utgiftene til avløyning og sjukdomsavløyning. Dette kan i verste fall føre til at ein brukar som vert sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden, som igjen kan føre til dyre tragediar.

2. Samdrifter og beite

I forslaget er det lagt opp til at det er samdriftene som skal søke på tilskott på det beitearealet som dyra til samdrifta beiter på. Dette meiner vi at det er betre med ein dispensasjonsordning på lik linje med hest slik som tidlegare. Dette med tanke på tilsyn i beitesesongen og vedlikehald av beite med gjerde, krattrydding, vasstilgang mm.

3. Miljøkrav

Avvikling av miljøplan ser vi som ein fordel, å lage meir papir en nødvendig er det nok av frå før. Det fins alt av kartverk på forskjellige nettsider der informasjon om kulturminner, jordtyper, vernesoner mm. som kan takast fram ved behov. Sprøytejournal og gjødselplan bør kvart bruk ha.

4. Avkorting

Med det uoversiktlege regelverket som er og er foreslege meiner vi at «kan» regelen bør vidareførast.

5. Ammekyr

Vi er av den oppfatning at det er diskriminering av enkelte ku raser i forhold til å bli godkjent som ammekyr i separat produksjon i kombinasjon med mjølkeproduksjon. Ei slik ku rase er Tyrollarfe, dette er ei ku rase som egner seg godt som kjøttproduserande dyr på utmarksbeite, den pleier landskapet godt.

6. Vi meiner at regionalt miljøprogram bør forenklast og leggest inn i PT forskrifta slik som tidlegare. Estil programvara er tidkrevjande og vanskeleg å forholde seg til. Dette vil kunne forenkle søknadsprosessen både for søker og sakshandsamar.